



Bronselaget til Uskedal var Ole Vidar Monsen, Yngve Myhre og Oddmund Soldal (Foto: Kjersti Bråtun)

Av dei 30 laga som søndag stilte opp i KM i stafett i Tveitedalen var 11 frå Uskedalen og dei vann både gull, sølv og bronse. Det var framifrå tilhøve i det fine anlegget til Ternen under meisterskapen, som vart svært vellukka både sportsleg og arrangementsmessig.

I herreklassa vann Omvikedalen foran Uskedal - dei to laga kom i mål på 52,19 og 53.10. Uskedelingane var Yngve Myhre, Ole Vidar Monsen og Oddmund Soldal og dei 3 har Birken som si neste, fristande oppgåve.

Det var også eit Uskedalslag på sjetteplassen og på det stilte Åsmund Lilleaas, Bjørn Olav Tveit og Steinar Haugland.

I dameklassa gjekk ikkje uventa Uskedal til topps foran Omvikedalen og det skjedde med ein margin på 7 minuttar..

På laget stilte Cathrine Haugland, Linda Jensen Eide og Sara H. Arnesen.

I klasse gutar 13-16 år vart Uskedal nummer 3, her var det Rosendal som vann.

I jenter 13-16 år stilte berre 2 lag frå Uskedal og på det sigrande laget fann ein Maren Bjørnebøle, Solveig Haugland og Kari Bråtun.

I gutar 10-12 tok Rosendal både gull og sølv medan Uskedal måtte nøya seg med bronzen. Dei hadde Martin H. Arnesen, Sondre Klyve og Viljar S. Thveit på laget. Det andre laget frå Uskedal kom på femte plass.

Uskedal stilte med 3 lag i jenter 10-12 år og dei vart nummer 4,5 og 6. Her var det også Rosendal som vann.

Av Ola Matti Mathisen